


KK-SEMINAR i Ålesund

Klubb Kompetanse Seminar heiter det offisielt. Distrikt 2305 inviterte til seminar på Quality Hotel Waterfront laurdag 21.mars 2015. Sola frå skyfri himmel såg ikkje dei 40-50 deltakarane - av desse 3 frå Sykkylven Rk - noko særleg til. Til gjengjeld var både konferanse og klima innandørs upåklageleg.

23.03.2015



Rotarys struktur, eit oversyn: 34 soner, over 200 land og geografiske område, ca 530 distrikt, ca 34000 klubbar, meir enn 1.200.000 rotarianarar! Vi har sett tala før, men det er alltid greitt med ei påminning om at vi er ein del av noko stort, som globalt og totalt gjer ein formidabel innsats jorda rundt. Til dømes er poliomyelitten nokså nært utrydda. I Pakistan er det litt igjen... mykje på grunn av ustabile politiske tilhøve. Det same gjeld eit land i Afrika.



Klubb Kompetanse Seminar heiter det offisielt. Distrikt 2305 inviterte til seminar på Quality Hotel Waterfront laurdag 21.mars 2015. Sola frå skyfri himmel såg ikkje dei 40-50 deltakarane - av desse 3 frå Sykkylven Rk - noko særleg til. Til gjengjeld var både konferanse og klima innandørs upåklageleg.



Etter lunsj blei forsamlinga delt inn i sine einstilte grupper. Data-folka hadde i alle høve nok å gripe fatt i. DICO (IKT-ansvarleg i Distrikt 2305) Arild Bjørkøy, Lillehammer, (ved enden av bordet) kunne fortelje det vi alt hadde frykta ei stund, at frå 1.juli 2015 vil våre gamle nettsider bli tekne av plakaten, og stoffet, bilete og tekst, som har hopa seg opp gjennom fem år, vil ikkje lenger bli tilgjengeleg. Det betyr at vi har ein STOR jobb å gjere med å kopiere og lagre mange filer/ sider, for deretter - håper vi - å overføre til våre nye Rotary-sider som

vi frå 1.juli vil finne under www.sykkylven.rotary.no Nokon som vil vere med på å dele på jobben med å kopiere?

Under: Mottoet til den nye RI-presidenten K. R. Ravindran ("Ravi"): Be a Gift to the World!



Kopiert av OlavP, 23.03.2015